



Dokid: 120000075526 (12/7317-3)
Særutskrift og saksframlegg FUV-sak 109/12

Fylkesutvalet **25.04.12**

Alf Helge Greaker sette fram slikt forslag:

«Tillegg til forslaget, nytt punkt under del I:
c) Møglegheitene og behovet for samarbeid for å nå nasjonale og regionale miljø- og klimamålsetjingar.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Greaker sitt forslag vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Fylkesutvalet sluttar seg til framlegget til politisk plattform for Vestlandsrådet, men ber om at følgjande område vert innarbeidd i plattforma:
 - a) Kompetansefeltet bør framhevest sterkare. Dette kan gjerast ved å synleggjere forskings- og utdanningsfeltet si betyding for næringsutvikling. Vidare ved å leggje til eit eige punkt om å arbeide for å styrke regional forsking og utdanning på Vestlandet.
 - b) Berekraftperspektivet bør framhevest under satsingsområda Samferdsel og Påverke rammevilkåra for viktige næringer på Vestlandet.
 - c) Møglegheitene og behovet for samarbeid for å nå nasjonale og regionale miljø- og klimamålsetjingar.
2. Fylkesutvalet vil rá til at satsingsområde Styrke Nordsjøsamarbeidet for Vestlandet vert innarbeidd i Auke Vestlandet sitt regionalpolitiske handlingsrom, slik at plattforma får tre satsingsområde.
3. Fylkesutvalet vil peike på at Vestlandsrådet i sitt vidare arbeid med gjennomføring av plattforma må leggje stor vekt på å utvikle alliansar med andre aktuelle partar.

Arkivsak 201200159-4
Arkivnr. 027
Saksh. Torgersen, Matti

Saksgang	Møtedato
Fylkesutvalet	25.04.2012 - 26.04.2012

NY PLATTFORM FOR VESTLANDSRÅDET - UTTALE

SAMANDRAG

Ei politisk plattform for Vestlandsrådet vart vedteken i Vestlandsrådet i 2010, og bygde på ei samarbeidsavtale mellom dei fire fylkeskommunane. Ein har teke sikte på at plattforma er gjeldande for valperioden for Vestlandsrådet, dvs. at den blir rullert kvart fjerde år etter konstituering av nytt råd. Dette gir det nye Vestlandsrådet høve til å utforme og påverke kva for saker rådet arbeider med.

Vestlandsrådet har sendt utkast til ny plattform til uttale til dei fire fylkeskommunane, med oppmoding til drøfting med relevante partnarar i fylka. I Hordaland er utkastet til plattform har vore teke opp i Regionalt næringsforum.

Utkastet til plattform har 4 satsingsområde, dette er:

- Samferdsel
- Påverke rammevilkåra for næringslivet på Vestlandet
- Styrke Nordsjøsamarbeidet for Vestlandet
- Auke Vestlandet sitt regionalpolitiske handlingsrom

Det er utforma nærmere punkt under kvart av desse satsingsområda, i form at punkt med innleiing ”Vi vil”.

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å slutte seg til plattforma, med merknad om at kompetansefeltet og berekraftsperspektivet bør framhevast meir i plattforma.

FORSLAG TIL VEDTAK

- 1 Fylkesutvalet sluttar seg til framlegget til politisk plattform for Vestlandsrådet, men ber om at følgjande område vert innarbeidd i plattforma:
 - a. Kompetansefeltet bør framhevest sterkare. Dette kan gjerast ved å synleggjere forskings- og utdanningsfeltet si betyding for næringsutvikling. Vidare ved å legge til eit eiga punkt om å arbeide for å styrke regional forsking og utdanning på Vestlandet.
 - b. Berekraftsperspektivet bør framhevest under satsingsområda Samferdsel og Påverke rammevilkåra for viktige næringar på Vestlandet.
- 2 Fylkesutvalet vil rá til at satsingsområde Styrke Nordsjøsamarbeidet for Vestlandet blir innarbeidd i Auke Vestlandet sitt regionalpolitiske handlingsrom, slik at plattforma får 3 satsingsområde
- 3 Fylkesutvalet vil peike på at Vestlandsrådet i sitt vidare arbeid med gjennomføring av plattforma må leggje stor vekt på å utvikle alliansar med andre aktuelle partar.

Paul M. Nilsen

Jan Per Styve

Vedlegg: Utkast til politisk plattform for Vestlandsrådet

FYLKESRÅDMANNEN, 12.04.2012:

Bakgrunn

Ein politisk plattform for Vestlandsrådet vart vedteken i Vestlandsrådet i Bergen 26 februar 2010, og bygde på ei samarbeidsavtale mellom dei fire fylkeskommunane. Arbeidet med avtalen skriv seg igjen frå eit fellesmøte mellom fylkesutvala i dei fire fylkeskommunane og Vestlandsrådet våren 2009 og har vore oppe til handsaming i fylkestinga i dei fire fylkeskommunane før endeleg handsaming i Vestlandsrådet. Fylkestinget i Hordaland vedtok dette i desember 2009.

Ein har teke sikte på at plattforma er gjeldande for valperioden for Vestlandsrådet, dvs. at den blir rullert kvart fjerde år etter konstituering av nytt råd. Dette gir det nye Vestlandsrådet høve til å utforme og påverke kva for saker rådet arbeider med.

Vestlandsrådet vedtok oppstart av ny plattform 24. november 2011. Eit utkast til plattform vart handsama av Vestlandsrådet 17. februar 2012, og rådet gjorde slikt vedtak:

"Vestlandsrådet sender utkast til plattform 2012-2015 til drofting med relevante partnarar i dei respektive fylkeskommunane med sikte på endeleg handsaming i møte i Vestlandsrådet 10. mai."

Vedlagt følger utkast slik det ligg føre etter vedtaket 17 februar.

Kort om plattforma

Den politiske plattforma slik at

Plattforma legg opp til at dei fire fylkeskommunane skal gjennom Vestlandsrådet:

- styrke landsdelen, både nasjonalt og internasjonalt
- koordinere den politiske innsatsen til beste for landsdelen innanfor definerte satsingsområde
- fremme politiske saker av felles interesse.
- aktivt påverke rammevilkåra for landsdelen og medlemsfylka
- skape samarbeidsarenaer på Vestlandet
- ta initiativ til samarbeidsprosjekt på tvers av fylkesgrensene.

Utkastet til plattform har 4 satsingsområde, dette er:

- Samferdsel
- Påverke rammevilkåra for næringslivet på Vestlandet
- Styrke Nordsjøsamarbeidet for Vestlandet
- Auke Vestlandet sitt regionalpolitiske handlingsrom

Det er utforma nærmere punkt under kvart av desse satsingsområda, i form at punkt med innleiing "Vi vil".

Handsaming i Regionalt næringforum

I møte i regionalt næringforum (RNF) 11. mai vart det gitt ei orientering om plattforma. RNF peikte på at forskings- og kompetansefeltet i lite grad er teke inn i plattforma, og etterlyste tiltak for å styrke Vestlandet som forskings- og kompetanseregion.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Vestlandsrådet er eit viktig organ for å fremje Vestlandet sine interesser, og for å vidareutvikle gode relasjonar med nabofylka på Vestlandet.

Vestlandsrådet må både vere tidsaktuelle, samstundes som rådet arbeider langsiktig med noen saker. Plattforma vil i første rekke ta føre seg det langsiktige arbeidet, men peiker samstundes også på område der Vestlandsrådet bør ha ein stor merksem og på dagsaktuelle tema. I tillegg vil det vere

naturleg at Vestlandsrådet tar del i den politiske debatten, og arbeider også med andre viktige saker for Vestlandsrådet, uavhengig om den er omtala i den politiske plattforma.

Det er grunn til å presisere at Vestlandsrådet skal arbeide med saker om å fremje Vestlandet sine interesser, særleg opp mot nasjonale styresmakter. Vestlandsrådet skal ikke vere eit organ for ulike samarbeidstiltak og -prosjekt mellom fylkeskommunane. Samarbeid mellom fylkeskommunane kan og skal skje også uavhengig av Vestlandsrådet.

Etter fylkesrådmannen si meining reflekterer plattforma relativt godt viktige saker for utvikling av Vestlandet., og rår til at fylkesutvalet støttar framleggjet til ny plattform.

Etter fylkesrådmannen si meining bør Vestlandsrådet ikke spreie si merksemd på mange område, men satse på eit fåtal saker der det er mogleg å oppnå resultat. Den viktigaste saka vil vere arbeidet for ferjefri E39. Vidare er arbeidet for gode rammevilkår for viktige næringer på Vestlandet spesielt viktig. Det bør vurderast om talet på punkt i plattforma kan reduserast ut i frå kva som er rådet sine viktigaste oppgåver.

Samstundes vil fylkesrådmannen peike på at eit par tema er lite omtala i plattforma.

For det første er fylkesrådmannen eining i at kompetansefeltet – både når det gjeld utdanningssida og forskingssida - bør framhevest i plattforma. Fylkesrådmannen vil rá til at dette gjerast på fleire stader. For det første bør det under innleiinga under Påverke rammevilkåra for viktige næringer på Vestlandet bli peikt på den viktige rolla forsking og utdanning har for næringslivet. Vidare kan det i punkta under også bli innarbeidd at det er viktig å styrke forskings- og utdanningssida for viktige næringer. Punktet om å ”Sikre relevant informasjon om næringslivet på Vestlandet”, kan endrast slik at den også tar med seg relevante kompetansemiljø.

Det bør vidare vurderast eit eiga punkt om å styrke forskings- og utdanningsmiljøa på Vestlandet under området Auke Vestlandet sitt regionalpolitiske handlingsrom.

For det andre vil fylkesrådmannen vise til at område som er lite omtala, er klima- og miljøfeltet. Det bør etter fylkesrådmannen si meining legge opp til at det leggjast opp til å presisere eit berekraftsperspektiv på både satsingsområdet Samferdsel og Påverke rammevilkåra for viktige næringer på Vestlandet.

Fylkesrådmannen meiner også at satsingsområdet Styrke Nordsjøsamarbeidet for Vestlandet, kan innarbeidast i satsingsområdet Auke Vestlandet sitt regionalpolitiske handlingsrom. Med tre satsingsområde vil det vere lettare å profilere rådet sitt engasjement, og eit eiga satsingsområde om Nordsjøsamarbeidet gjer at dette punktet får litt for stor plass i plattforma i høve dei andre tre satsingsområda.

Det er også behov for å utvikle vidare samarbeide med andre aktuelle partnarar om viktige fellessaker. Noko er gjort, m.a. ved at Vestlandsrådet har etablert kontakt med NHO og LO knytt til saker om næringsutvikling, Statens Vegvesen og kommunane på Vestlandet knytt til Ferjefri E39. Plattforma omtaler ikke dette – og skal nok heller ikke gjere det. Men for å få gjennomslag for viktige saker, er det vesentleg at det vert utvikla alliansar med ulike partar for å kunne arbeide med dei einskilde tiltaka i plattforma.